

Tussa Energi AS
Langemyra 6
6150 ØRSTA

Vår dato: 06.12.2016
Vår ref.: 200707647-20
Arkiv: 317
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Randi Holme
22959518/99215122/rho@nve.no

Oversending av revisjonsrapport og varsel om vedtak om retting, Tussa Energi AS, Ørsta kommune

Vi viser til revisjon av Tussa Energi AS og sender revisjonsrapporten frå revisjonen som vart gjennomført 23. – 24. 11.2016. Revisjonen var varsla i brev datert 18.10.2016.

Under revisjonen vart det registrert tre avvik og gitt to merknader. Revisjonsrapporten skildrar dei avvik og merknader som vart avdekket. Dokumentasjon på at avvik er lukka skal sendast til NVE innan fristen som er sett.

NVE varslar om at vi vil vurdere å treffe vedtak om retting dersom avvika ikkje er lukka innan fristen.

Frist for å komme med uttale i saka er sett til 9.01.2017. Vi oppmodar særleg om at faktaopplysningar som gjeld saka vert korrigert eller supplert. Dersom NVE ikkje har motteke uttale innan fristen vil NVE legge til grunn dei opplysningane som ligg føre i saka.

Dersom NVE ikkje mottek kommentarar innan fristen, er denne revisjonsrapporten endeleg.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Øyvind Leirset
seksjonssjef



Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg: Revisjonsrapport

Kopi: Terje Myklebust
Tussa Energi AS v/Arild Lystad
Tussa Energi AS v/Svein Vassbotn
Tussa Energi AS v/Terje Viddal

Revisjonsrapport

Revidert eining:	Tussa Energi AS – Tussa kraftverk
Revisjonsdato:	23. – 24.11.2016
Stad:	Tussa Energi AS sitt adm. bygg i Åmdalen, Tussavegen 44, Ørsta
Medverkande frå revidert eining:	Kraftverkssjef, Terje Myklebust Avdelingsleiar kraftverksdrift, Svein Vassbotten Stasjonsansvarleg Tussa kraftverk, Terje Viddal VTA, Arild Lystad
Revisorar frå NVE:	Revisjonsleiar Randi Holme Medrevisor Anne Johanne Kråkenes Medrevisor Heidi Anette Grønsten Observatør Jenny Evjen
Seksjon	Seksjonssjef Øyvind Leirset, TBM

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og føremål med revisjonen

Miljøtilsynet består av ein systemrevisjon og ein anleggsinspeksjon. Etter § 7 i forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (FOR-2011-10-28 nr. 1058, IK-vassdrag) har NVE ansvar for å føre tilsyn med at forskrifta vert oppfylt.

Føremålet med ein systemrevisjon er å kontrollere at verksemda oppfyller kravet om å etablere eit internkontrollsystem for det enkelte vassdragsanlegg som sikrar at krav til natur, miljø og landskap vert teke i vare på ein tilfredsstillande måte i samsvar med vassdragslovgevinga, forskrifter, konsesjonsvilkår, pålegg og godkjende detaljplanar.

Føremålet med å gjennomføre ein anleggsinspeksjon er å kontrollere at anlegget sin tilstand er i tråd med nemnde krav. For anlegg i driftsfasen er det lagt vekt på landskaps- og miljømessige tiltak som til dømes tersklar, kontroll og informasjon knytt til manøvreringsreglement og minstevassføring og rydding av elveløp/flomløp. Forventa natur og miljømessig standard er nærare omtalt i NVE sin rettleiar nr. 2/2005 Miljøtilsyn ved vassdragsanlegg og faktaarka «God praksis» som er å finne på NVE sine heimesider.

1.2 Revisjonsgrunnlag

I denne revisjonen var revisjonsgrunnlaget følgjande:

- Vassdragsreguleringslova
- Forskrift datert 28.10.2011 nr. 1058 om internkontroll etter vassdragslovgevinga (IK-vassdrag)
- Løyve til regulering av Tussavassdraget datert 28. juni 1957
- Løyve til å overføre Blåvatn, Hjortedalsvassdraget, Skipedalselv og Laurdalselv til Tussevatn og regulering av Skipedalsvatn datert 28. juni 1962
- Løyve til overføring av Kårdøla til Tussevatn datert 25.06.1982

- Vedtak, godkjenningar og pålegg med heimel i løyve til ovafor nemnde reguleringar
- Tilsendt dokumentasjon
- Dokumentasjon motteke under revisjonen

1.3 Tema for revisjonen

Revisjonen omhandla følgjande tema:

- Kartlegging av farer og problemområde, jf. IK-vassdrag § 5-6, særleg knytt til masseopphoping, gjengroing og erosjon i regulerte vassdrag
- Kunnskap og ferdigheiter jf. IK-vassdrag § 5-3

1.4 Funn

Tre avvik

To merknader

Avvik er: Brot på krav i regelverk og løyver gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgjevinga og anna lovverk som NVE forvaltar.

Merknad er: påpeiking av forhold med mogelegheiter for forbetring eller eit forhold som bør vurderast nærare av verksemda men som ikkje er brot på gitte krav.

1.5 Generelle kommentarar

Revisjonen vart gjennomført i Tussa Energi AS sitt administrasjonsbygg i Åmdalen. Han omfatta ein anleggsinspeksjon ved Tussa kraftanlegg og gjennomgang av internkontrollsystemet med særskild fokus på kartlegging av farer og problemområde og kunnskap og kompetanse jf. krava i IK-vassdrag §§ 5-3 og 5-6.

Det vart gjennomført tre samtalar; ein med kraftverkssjefen, ein med avdelingsleiar for kraftverksdrift, og ein med VTA og stasjonsansvarleg Tussa kraftverk. Deltakarane frå Tussa Energi AS gav god og konstruktiv informasjon om system og rutinar som er etablerte for drift og vedlikehald av anlegget. Det vart orientert korleis tilsyn vert gjennomført og dokumentert. NVE har eit klart inntrykk av at tilsyn, drift og vedlikehald i praksis vert gjennomført på ein tilfredsstillande måte med mål om å drifte anlegget i samsvar med krav frå styresmaktene. Resultatet av revisjonen viser likevel at sjølve IK-systemet er noko manglefullt med tanke på kravet til skriftleg dokumentasjon som følgjer av IK-vassdrag. Det er dessutan lite systematisert med tanke på miljø og landskap.

NVE vart orientert om at fotodokumentasjon delvis er teke i bruk i samband med gjennomføring av tilsyn, men at dette kan systematiserast og organiserast betre enn i dag. Tussa Energi AS peika dessutan sjølv på at arbeidsordrar med fordel kan utviklast vidare slik at fokus på miljø og landskap vert betre. Etter NVE si vurdering vil ei slik vidareutvikling av sjekklister for tilsyn (arbeidsordrar) saman med ei utvikling og systematisering av fotodokumentasjon vere ei forbetring av IK-systemet.

Det er ikkje gjennomført skriftleg kartlegging av problemområde for miljø og landskap ved Tussa kraftanlegg. Det kom likevel klart fram i løpet av revisjonen kva verksemda vurderer som problemområder og utfordringar som krev vidare oppfølging. Ei skriftleg kartlegging av problemområde vil vere eit viktig verktøy for å vurdere innslagspunktet for ei systematisk planlegging og gjennomføring av tiltak.

Det er gjennomført skriftleg kartlegging av verksemda sin kompetanse knytt til sikkerheit. For miljø og landskap ligg det ikkje føre slik kartlegging. NVE vart orientert om at for enkelte tema vert kompetanse henta inn eksternt. Dette er heller ikkje omtalt i IK-systemet.

Skriftleg rutine for intern revisjon av IK-systemet er ikkje etablert. NVE har inntrykk av at det har vore liten systematikk kring intern revisjon av IK-systemet, noko som kan ha ført til eit svakt fokus på landskap og miljø.

Det vart gjennomført inspeksjon i Vikeelva, på strekka ovafor og nedanfor Saurvatnet og langs Tysseelva. NVE fekk eit godt innblikk i arbeidet som er gjort her med tanke på erosjonssikring, uttak av massar og rydding av vegetasjon langs regulerte vassdrag.

2 Skildring av avvik

Avvik 1	
Krav	Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (IK-vassdrag) <i>§ 5-3: Den ansvarlige skal sørge for at personell har de kunnskaper og ferdigheter som er nødvendige for å sikre at anlegg og tiltak som omfattes av § 3 og driften av slike, oppfyller krav fastsatt i eller i medhold av vassdragslovgivningen, herunder ha en plan for hvordan faglig kompetanse skal etableres og utvikles</i>
Avvik	Det kunne ikkje leggest fram skriftleg dokumentasjon av verksemda sin kompetanse innan landskap og miljø.
Dokumentasjon	I dokumentet «Internkontroll for miljøtilsyn» er ikkje verksemda sin kompetanse knytt til landskap og miljø omtalt.
Korleis lukke	Det skal utarbeidast skriftleg oversikt over verksemda sin kompetanse knytt til landskap og miljø. Oversikta må omfatte både formell kompetanse og realkompetanse.
Frist for lukking	01.04.2017

Avvik 2	
Krav	Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (IK-vassdrag) <i>§ 5-6: Den ansvarlige skal kartlegge farer og problemområder med hensyn til miljø og sikkerhet og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og gjennomføre tiltak for å redusere risikoforholdene</i>
Avvik	Det kunne ikkje leggest fram skriftleg systematisk kartlegging av problemområde knytt til miljø og landskap for Tussa kraftanlegg.

Dokumentasjon	I dokumentasjonen som var tilsendt før revisjon og i det som vart lagt fram under revisjonen er ikkje problemområde knytt til landskap og miljø omtalt.
Korleis lukke	Det skal utarbeidast ei skriftleg kartlegging av problemområder knytt til miljø og landskap for Tussa kraftanlegg. Døme: Tilstand for tippar i Hornindal og erosjon i Tussamagasinet. I tillegg skal risiko knytt til eventuelle problemområde vurderast, og tilhøyrande planar for gjennomføring av tiltak skal utarbeidast.
Frist for lukking	01.04.2017

Avvik 3	
Krav	Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (IK-vassdrag) <i>§ 5-9: Den ansvarlige skal foreta systematisk gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt, f. eks. gjennom interne revisjoner.</i>
Avvik	Det er ikkje utarbeidd skriftleg rutine for intern gjennomgang av verksemda sitt IK-system. Det kunne ikkje leggest fram skriftleg dokumentasjon som viser at det er gjennomført revisjon av internkontrollsystemet.
Dokumentasjon	Dokumentet «Internkontroll for Miljøtilsyn» inneheld ikkje ein skriftleg rutine for internrevisjon av IK-systemet. Det kunne ikkje leggest fram skriftleg dokumentasjon på at IK-systemet er revidert.
Korleis lukke	Det skal utarbeidast ein skriftleg rutine for intern revisjon av IK-systemet. Rutinen må implementerast i verksemda slik at framtidige revisjonar av IK-systemet kan dokumenterast skriftleg.
Frist for lukking	01.04.2017

3 Skildring av merknader

Nr.	Skildring av merknader
1	IK-vassdrag § 5-6. Under revisjonen vart det lagt fram døme på arbeidsordrar som viser korleis tilsyn ved anlegget gjennomført og dokumentert. Arbeidsordrane som vart lagt fram har i hovudsak tilstandsparametrar som er av teknisk karakter, til døme høgdeboltar, skilt, reguleringsgrenser. NVE fekk opplyst at miljøtilsyn og damtilsyn vart gjennomført samtidig. Tilstandsparametrar som omhandlar landskap og miljø bør inkluderast i arbeidsordrane.
2	IK-vassdrag § 5-9: Under samtalanene med deltakarane frå revidert eining kom det fram at ansvaret for etablering og revisjon av IK-systemet ikkje er eintydig plassert. Etter NVE si vurdering har dette truleg samanheng med avvik nr. tre som vart registrert under revisjonen. Ansvaret for etablering og intern revisjon av IK-systemet må plasserast eintydig i verksemda.